
Fra: Hovland, Kristin [mailto:Kristin@sveio.kommune.no]

Sendt: 12. desember 2013 14:19

Til: Postmottak HOD

Emne: Høring om endringer i alkoholregelverket – herunder normerte normer regler for inndraging av bevilling og økte krav til kontroll med bevillinger - uttale frå Sveio kommune

Uttale frå Sveio kommune til «Høring om endringer i alkoholregelverket – herunder normerte normer regler for inndraging av bevilling og økte krav til kontroll med bevillinger».

Generelt: Sveio kommune stiller seg positiv til dei forslaga om endringar i alkohollova som kjem fram i høyringa.

Sveio kommune har følgjande merknader:

Punkt 4 Kunnskapsprøven

Endringar i alkohollova vil automatisk medføre behov endring av spørsmål i kunnskapsprøven. I den samanhengen bør ein prøve å luke ut spørsmål som har vist seg å ikkje vere hensiktsmessige. Her kan ein nemne spørsmål som gjeld reglar rundt skjenking på Hurtigruta, NSB, forsvarrets befalsmesser.

Sveio kommune foreslår at ved ein revidering av kunnskapsprøven blir det føreteke ein kritisk gjennomgang av spørsmåla i prøven der dei minst relevante spørsmåla blir fjerna.

Punkt 5.2 Løyvegebyr

Det blir foreslått å dele opp løyvegebyret i eit søknadsgebyr og eit omsetningsgebyr. Som eit førebels forslag er søknadsgebyret sett til kr. 8.000,- Dette gebyret er meint å gjelde for alminnelege sals- og skjenkeløyve, og for einskildhøve.

Sveio kommune foreslår at søknadsgebyret for skjenkeløyve for einskildhøve blir sett lågare enn søknadsgebyret for alminneleg skjenkeløyve.

Grunngjeving:

- Sakshandsaminga for einskildhøve krev mindre ressursar enn sakshandsaminga for alminnelege løyve.
- Sveio kommune har få aktørar som søker om alminneleg skjenkeløyve, gjennomsnittleg 4 – 5 løyver til ein kvar tid. Men kommunen har ca 10 – 12 søknadar om einskildhøve i året. Dei fleste som søker om einskildhøve er små lag- og organisasjonar som søker om skjenkeløyve i samband med mindre arrangement. Noko av målsetjinga ved arrangementa er å få overskot til drift av laget. Med så høgt søknadsgebyr som det blir foreslått i høyringa vil det for mange av desse laga gjere det ulønnsamt å søke om skjenkeløyve. Resultatet kan då bli at arrangement som restaurantkveldar, konsertar og

pubkvelder fell meir eller mindre heilt vekk eller auka risiko for arrangement der det blir skjenka alkohol ulovleg/utan løyve. Sveio kommune ser det som hensiktsmessig at mindre aktørar søker om skjenkeløyve i ordna former, slik at det er moglegheit for dialog og kontroll. Kommunen ser det som ønskjeleg at denne typen arrangement finn stad rundt om i kommunen med jamne mellomrom, då det er ein del av aktivitetstilbodet ein ønskjer skal halde fram.

Med helsing

Kristin Brekke Hovland
Konsulent servicekontoret
Telefon: 53 74 80 13
E-post: kristin@sveio.kommune.no



Sveio kommune

Telefon sentralbord: 53 74 80 00
www.sveio.kommune.no
postmottak@sveio.kommune.no